



Klima- og miljødepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

Vår dato:
02.10.2019

Vår ref:
2019/5897

Dykkar dato:
06.06.2019

Dykkar ref:
19/1892

Kontakt saksbehandlar
Cathrine Stabel Eltervåg, 51 56 89 15

Uttale til høyring av endringar i rovviltforvaltninga

Fylkesmannen i Rogaland er samd med Klima- og miljødepartementet i at det er ein fordel å endre strukturen på forvaltningsregionene for rovvilt i tråd med NINA sin evaluering av rovviltforvaltninga (2016).

Me står framlegget om at det vert oppretta ei fagleg kompetent og uavhengig rovviltsklagenemd.

Me synar til høyring frå Klima- og miljødepartementet datert 06.06.2019 med forslag om endringar i naturmangfaldlova, rovviltsforskrifta og forskrift om utøving av jakt, felling og fangst. Me er leie oss for at me på grunn av stor saksmengde ikkje rakk å sende uttale innan fristen 1. oktober. Me håper likevel at våre innspel vert tatt med i vurderinga.

Ikraftsetjing for endringane er planlagt til 01.01.2020. Under følger eit samandrag av dei endringane det er forslag om, og vår vurdering av desse:

Lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova)

§ 17 føresegn om naudverje

Viltlova § 11 første ledd hadde frem til naturmangfaldlova trådde i kraft i 2009 ein felles regel som gav ein kvar rett til å avlive vilt for å hindre skade på person eller bufe. Retten gjaldt berre når det måtte sjåast på som påkravd ved umiddelbart føreståande angrep på bufe, tamrein, gris, hund og fjørfe. I 2009 vert føresegna i viltlova avløyst av § 17 annet ledd i naturmangfaldlova. I naturmangfaldlova er ikkje vilkåret om at avliving «må sjåast på som påkravd» kome med når det gjeld avliving på grunn av direkte angrep på bufe, tamrein, gris, hund eller fjørfe.



Departementet ønsker nå å rette opp dette ved å ta inn eit vilkår om at avliving «må sjåast på som påkravd». I tillegg vil departementet oppdatere omgrepene «direkte angrep». Omgrepet er føreslått endra til «pågående eller umiddelbart føreståande angrep».

Me finn at endringa er i tråd med gjeldande rett (avgjerder i Høgsterett) og med Bern-konvensjonen (felling kan berre skje dersom det ikkje er annan tilfredsstillande løysing). Me er derfor samde i føreslått endring av naturmangfaldlova § 17 annet ledd.

§ 26 b om rovviltklagenemnd

Det er forslag om at ei uavhengig klagenemnd skal overta Klima- og miljødepartementets rolle som klageinstans på vedtak om felling av rovvilt, erstatning, forebyggande og konfliktdempande tiltak og omstilling. Bakgrunnen for forslaget er at det hjå enkelte grupper er liten tillit til avgjerder som vert fatta på rovviltfeltet og det vert stilt spørsmål om det i skjønnsutøvinga vert tatt politiske omsyn. I tillegg er klagesakene ressurskrevjande, særleg i departementet, og svekker moglegheita for å utforme og gjennomføre ei langsiktig og heilskapleg politikk på rovviltfeltet.

Endringa er i samsvar med dei to politiske plattformene Jeløya (14.01.2018) og Granavolden (17.01.2019). I tillegg er viktigheta av etablering av ei uavhengig rovviltnemnd understreka av energi- og miljøkomiteen i deira behandling av Dokument 8:86 S (2017-2018).

Me er samd i at det vert oppretta ei uavhengig rovviltklagenemnd. Me legg til grunn at nemnda vil utøve si klagehandsaming etter dei til ei kvar tid gjeldande lovverk med forskrifter.

Dersom ei klagenemnd opprettast meiner me at den bør bestå av fagpersonar utan parts- eller organisasjonstilknyting. Me er samde i at det er føremålstenleg at leiaren er jurist, men me meiner det er for lite fokus på at nemnda skal ha kompetanse på artsforvaltninga av rovviltnartane. Formuleringa «forutsetningar for å nå den todelte målsetjinga i rovviltpolitikken» er for vag.

Det er ein gode idé at det opprettast ein forskrift med regler om klagenemndas samansetting, organisering, saksbehandling mv.

Forskrift av 18. mars 2005 nr. 242 om forvaltning av rovvilt (rovviltforskrifta)

§§ 4 og 5 om tal på forvaltningsregionar for rovvilt

Det er forslag om å opprette 4 eller 5 nye forvaltningsregionar. Dette med bakgrunn i NINA sin evaluering av rovviltnarbeidet i 2016. Evalueringa viste mellom anna at dagens 8 rovviltnarbeidet er for små til at ein kan ha ein forventning om å halde rovilstbestandar stabile på eksakte måltal. Dagens forvaltningsregionar for rovvilt tar heller ikkje tilstrekkeleg omsyn til rovdyra, utmarkebeitene eller reindrifta sin utbreiing. Vidare er det eit mål at avgrensinga til forvaltningsregionane blir meir i samsvar med den nye fylkesstrukturen.

I begge forslaga, enten det skal vere 4 eller 5 nye regionar, så er det forslag om at Rogaland inngår i Region Vestlandet saman med Møre og Romsdal og Vestland. Region Vestland får da forvaltningsmål om 2 ynglingar av gaupe og 3 ynglingar av jerv. Dette er den Møre og Romsdal sin del av forvaltningsmålet for dagens region 6 (Trøndelag og Møre og Romsdal).

Me er samde i at færre og større forvaltningsregionar vil ha administrative, forvaltningsmessige og biologiske fordelar samanlikna med dagens 8 regionar. I dag er Rogaland del av region 1 saman med Vestland og Vest-Agder. Vest-Agder og Aust-Agder vert slått saman til eit fylke og det er naturleg at



dei også tilhøyrar same forvaltningsregion. Når ein tar sikte på å lage større forvaltningsregionar er me samde i at det åg samle landsdelen Vestlandet i ein region er naturleg. Dei 3 fylka som inngår i denne landsdelen har likskap når det gjeld mellom anna ressursgrunnlag, kysttilknyting, og husdyrhald. Dette er faktorar som og har verknad på rovdrysituasjon og forvaltning.

§§ 4 og 6 om felles bestandsmål og arealdifferensiering på tvers av fleire rovviltregionar

Klima- og miljødepartementet meiner at det bør leggast føringar om samarbeid om arealdifferensiering/soneinndeling på tvers av forvaltningsregionar for rovvilt. Dei meiner og at det bør vurderast å fastsette felles bestandsmål på tvers av regiongrenser. Departementet meiner at dette mellom anna vil gje eit langt betre utgangspunkt for å fastsette hensiktsmessige soner til høvesvis rovvilt og beitedyr, og auka sannsyn for over tid å stabilisere bestandane nærmare bestandsmåla. I forslaget frå departementet er landet del i to; nord og sør for Trondheimsfjorden og Stjørdalselva/Tevla.

Me er samde med endringa i rovviltforskrifta § 6 første ledd der det leggast inn ei føresegn om at rovviltnemnda skal samarbeide med tilgrensande forvaltningsregionar når det gjeld geografisk differensiering av forvaltninga. Dette er viktig for å ivareta større leveområde for rovviltartane, men og for å ivareta gode og viktige beiteområde. Slikt samarbeid skjer også i dag, men det er fornuftig at det formaliserast og vert gjort forpliktande.

Me er ikkje samde i at det fastsettast felles bestandsmål for fleire forvaltningsregionar. Me meiner slike bestandsmål vil vere ei ulempe for forvaltning og handsaming av sakar i dei enkelte regionane. Slik forslaget nå ligg føre vil det også dele tidlegare Nord- og Sør-Trøndelag i to, noko som kan gje administrative utfordringar. Me meiner at dagens praksis med nasjonale bestandsmål og bestandsmål for kvar region bør halde fram.

§ 6 om Landbruksdirektoratet sin rett til å gje uttalar til regionale forvaltningsplanar for rovvilt

Det er forslag om at Landbruksdirektoratet får same moglegheit som Miljødirektoratet til å gje uttalar til rovviltnemndene sine forvaltningsplanar. Dette for å inkludere landbruksstyresmakta i større grad enn i dag.

I rovviltforskrifta § 6 er det i dag føresegn om at forvaltningsplanen og skal gje anbefalingar om bruken av landbrukspolitiske verkemiddel innanfor regionen for å bidra til samordna bruk av verkemiddel og reduserte tap og konfliktar. Endringa som departementet nå foreslår, at planen og skal sendast til Landbruksdirektoratet til uttale, meiner me at er eit viktig bidrag for å sikre at den todelte målsettinga fungerer i praksis.

§ 18 om kommunane sin rett til å klage på rovviltnemndene sine vedtak om felling av rovvilt

Det er forslag om at kommunane vert gitt klagerett til på alle vedtak om felling etter rovviltforskrifta. Kommunane har i dag ikkje rettsleg klageinteresse på enkeltvedtak fatta etter rovviltforskrifta. Me er samde med departementet sitt forslag, men det må avgrensast til at retten til å klage gjeld kommunar som har ein tilknyting til vedtaket (skadegjerande rovvilt eller skadesituasjon førekjem i kommunen eller i nær tilknyting til kommunegrensa).

Forskrift av 22. mars 2002 nr. 313 om utøvelse av jakt, felling og fangst (forskrift om utøving av jakt, felling og fangst)

§§ 29 a og 34 om fellingsmetodar av jerv



Det er forslag om å tillate nye verkemidlar for å gjere lisensfelling av jerv meir effektiv. Verkemidlane som skal bli lov å bruke er kunstig lys under åtejakt og elektronisk overvaking av jervebås i plassen for fysisk tilsyn. Målet er at lisensjakt skal bli effektiv nok til å regulere bestanden av jerv på bestandsmålet.

Gjennom eit 3-årig prosjekt, frå 2015-2018, har bruk av verkemidlane vert testa i totalt 10 prosjekt spreidd over heile landet. Miljødirektoratet har evaluert prosjektet og levert tilråding til direktoratet om at bruk av verkemidla kunstig lys på åte og kameraovervaking/elektronisk overvaking av fangstbås vert gjort permanente ved endring i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst.

Ein meir effektiv lisensjakt på jerv, slik at ein bestanden i hovudsak vert regulert gjennom lisensjakt i plassen for ekstraordinære uttak (hiuttak), er eit regionalt og nasjonalt mål. Dei positive erfaringane fra forsøksperioden gjer at me er samde i at desse verkemidlane blir gjort tilgjengelege i lisensfelling av jerv på permanent basis. Vilkåra for bruk av kameraovervaking/elektronisk overvaking er tilstrekkelege for å sikre at det ikkje vil vere vesentlege negative verknadar frå bruk av dette. Me er samd i at kommentarane til § 34 vert forskriftsfesta.

Når det gjeld kunstig lys på åte viser departementet til forslag til *forskrift om utlegging av åte og føring på vilt* (åteforskrifta) som nyleg var på høyring. Regularing av utlegging av åte er planlagt gjennom denne forskriften. Departementet foreslår å oppheve kommentarane til § 29 der det går frem eit krav om loggføring ved bruk av åte. Me finn ikkje at krav om loggføring er vidareført i åteforskrifta. Me ber derfor om at kommentarane til § 29 ikkje vert oppheva, alternativt at desse vert tatt inn i åteforskrifta.

Utover dette har me ikkje kommentarar til forslaget om endringar i rovviltnedsetninga.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernssjef

Cathrine Stabel Eltervåg
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent